



Arne Terje Haugland fekk blome av styret. Bak sit Ivar Kåre Døsland

Styret i Uskedalen Grunn- og Elveeigarlag har auka fiskekortprisen framfor neste sesong - frå 600 til 1100 kroner for årskort og frå 150 til 250 kroner for døgnkort. Ifjor vart det seld 145 døgnkort og 47 årskort i Uskedalselva, som sette ny fangstrekord med 1,4 tonn laks og sjøaure.

Det er eit svært godt resultat for eit så lite vassdrag og elveeigarane står overfor spørsmålet: Korleis bør vassdraget forvaltast vidare til beste for alle partar?

Etter det som vart sagt og vedteke på årsmøtet i går kveld blir det ingen spesielt drastiske tiltak. Fiskesesongen blir redusert med 2 veker og sluttar 1. september slik at han blir 2 1/2 månad.

Fleire tiltak ligg i løypa for å betre tilhøva for fisken. Eit som leiar Johannes Kaldestad Feet opplyser kan koma til våren er utleggjing av gyttegrus og då kalkgrus i øvre delen av vassdraget.

Forskar Tore Wiers frå Unimiljø i Bergen som er ein av dei som kjenner Uskedalselva best og bokstaveleg tala til botnes var invitert til møtet og gav ei interessant utgreiing om korleis dei 12 forskarane arbeidar og om situasjonen i ymse laksevassdrag.



Leiar Johannes Kaldestad Feet held fram



Forskar Tore Wiers kjenner Uskedalselva til botnes!

Han kom i tillegg til grusen inn på ei rekke tiltak som ikkje er aktuelle i første omgang i vår elv. Det er til dømes gjenutsetting, fredningssoner, begrensing av utstyr, kvoter og uttak for oppdrett. Men det er 2 unntak. Det eine er at det vil bli montert eit merke ved Gravehølen som markerar særleg låg vassføring og då er det forbode å fiske. Det har funne stad ein god del usportsleg fiske her. Men problemet blir først løyst ved å samle vatnet i ein foss. Det andre tiltaket som blir aktuelt er evaluering midtvegs i sesongen.

Under møtet vart det kritisert at oppslagstavlane ikkje er halde ajour med omsyn til årstal og leiaren lova at det no skal skje. Det er også viktig med ei forbetra meldingsteneste på nettet. Diverre kan ikkje Rabben ta ansvar for kortsal i sesongen som ligg forut.

Feet held fram som leiar og Sigmund Myklebust og Olav Hjetland Bringedal er attvalde i styret medan Tore Myklebust og Frode Stensletten ikkje var på val. Oppsynsmann Arne Terje Haugland fekk blome av styret for sin mangeårige og utruleg store innsats for elva.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen